

Bakgrunn – Huset i Bygda

Å ha ein oppegåande og velfungerande stad å utøve aktivitetar, er ein viktig faktor for utviklinga av lokalt kulturliv og å gje gode tilbod til barn og ungdom. Ikkje minst er dette viktig for å motverke utanforskap og gi alle like moglegheiter til å delta i aktivitetar.

I 2019 vaks 115 000 barn i Norge opp i ein familie med vedvarande låginntekt. Og andelen barn i familiar med låginntekt auka i 225 av landets 356 kommunar.

Når man slit med å få endane til å møtast, leier det ofte til utanforskap og avgrensa moglegheiter til å delta i samfunnet på lik linje med andre.

De organisasjonseide kulturhusa er viktige inkluderingsarenaer. Her er det moglegheiter for eit mangfald av aktivitetar, **Musikk, teater, dans, klubbaktiviteter, eldrekafé, gaming, eller dugnad. Du treng ingen spesielle kunnskap for delta.**

Så våre merknader og forslag til statsbudsjettet

Punkt 5.2.2 «Spilleoverskudd til kulturformål»

Det er allment kjent at desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg er underfinansiert. Huset i Bygda har tidlegare estimert at det er ca. 5000 organisasjonseige kulturbygg i Norge, med et forsiktig estimert vedlikehaldsbehov på ca. 2 milliardar kroner. I 2021 ble det satt av 56,25 millionar til disse husa. Dette svarar til 3,6% av tilskotet til idrettsanlegg på 1,5 milliardar!

Konkret foreslår Huset i Bygda at tilskot til amatørteaterformål, dvs. kapittel 320, post 76, framleis må ligge på statsbudsjettet og at prognosane for overskot på 28,3 millionar må øymerkes desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg, slik at vi kan få en opptrapping frå MNOK 56,25 til MNOK 78,55 til desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg.

Kapittel 315 post 82. Momskompensasjon til idrettsanlegg

På statsbudsjettet for 2022 er det satt av 298 970 millionar til momskompensasjon for ny-, på-, og ombyggingskostnader for idrettsanlegg.

Ordninga finansierast direkte over budsjettet til Kulturdepartementet. I dag er det ein systematisk forskjellsbehandling mellom idretts- og kulturbygg ved at det ikkje eksisterer nokon tilsvarande ordning for kulturbygg. Dette gir merkverdige utslag. Går to lag saman om å bygge nytt allhus i bygda, så får idrettslaget som eig kjellaren full momskompensasjon. Ungdomslaget som eig første etasje ingenting.

Ideelt sett bør kulturbygg ha ei eiga ordning på lik linje med idrettsanlegg. Om det ikkje er mogleg, ber Huset i Bygda om at momskompensasjon for idrettsanlegg vert utvida til å òg gjelde organisasjonseide kulturbygg.

Sidan kompensasjonsordninga er knytt til godkjente søknader til desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg er det snakk om eit avgrensa årleg beløp, men som vil ha stor effekt på husa. Huset i Bygda ber difor om at det i første omgang vert satt av 15 millionar. Alternativt at eksisterande ordning vert auka til totalt 313 970 millionar.

Kap. 325, post 78 (jf. tabell 4.14).

Huset i Bygda har i mange år arbeidd for å kartlegge alle former for organisasjonseide kulturhus. I diskusjonar omkring manglande støtteordningar vert frivilligheita møtt med at vi ikkje har en samla oversikt over desse husa og at det difor er vanskeleg å prioritere husa i budsjettarbeidet. Denne påstanden så vi seinast i den nye barne- og ungdomsmeldinga.

Noregs Ungdomslag arbeider for at Huset i Bygda skal bli en landsomfattande ordning. Vi ber difor om at støtta til Noregs Ungdomslag vert auka med 1 million slik at Huset i Bygda kan gjennomføre kartlegging og rådgjevingstenester i fleire fylke enn i dag. På den måten vil vi medverke til at stortinget får enda betre kunnskapsgrunnlag for å gjere gode vedtak for å vidareutvikle det frivillige kulturlivet og motvirke utanforskap.